



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Sølsnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato  
24.06.2015  
Dykkar dato  
08.05.2015

Vår referanse  
2015/1750 - 561  
Dykkar referanse  
201005128-9

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

## Fråsegn til søknad om Kvernfossen kraftverk i Hyllestad kommune

Vi viser til oversendinga datert 8.5.2015.

### Bakgrunn

Eit Kvernfossen kraftverk vil redusere vassføringa på 650 m elvestrekning i Lølandselva. Vidare vil inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon, tilkomstveg og ny kraftline føre til naturinngrep. Prosjektet kan bidra til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige, og utbygginga vil ha positiv økonomisk verknad for lokalsamfunnet.

Prosjekt	Inntak (m.o.h)	Avlaup (m.o.h)	Slukeevne		Produksjon (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
			(% av middelvassf.)	Minstevassf.		
Kvernfossen kraftverk	119,5	93,0	153	al. lågvassf.	9,1	3,61

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser dersom desse interessene vert råka.

### Vurdering

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er basert på feltarbeid 10. juni, noko som er godt eigna til også å få ei fullverdig kartlegging av vegetasjon og hekkefugl.

Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar som kan verte påverka av utbygginga. Utifrå berggrunnskartet er det potensial for ein middels rik flora, men naturkartlegginga viste at floraen er noko fattigare enn venta.

Det er registrert oter (VU), og mogleg hekkestad for kongeørn i utbyggingsområdet. Vassdraget har stor verdi for overvintrande songsvaner, og det er særleg elvelonene oppstraums utbyggingsstrekninga som er viktige. Bygging av inntak og øvste del av røytraseen bør gjerast før songsvanene trekker til desse viktige vinterbeita.

Fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av ei utbygging. I miljøutgreiinga kjem det fram at det har vore observert ål på strekninga ein gong for fleire tiår sidan, men at eventuell oppvandring av ålelarvar vil vere marginal og høgst sporadisk på grunn av kraftutbygginga lengre nede i vassdraget.

Det vert fiska innlandsaure i elva, og det hender det vert teke fisk på opptil 300 g eller større. Inntaksdammen vil kunne påverke eit eventuelt gyteområde, men tette bestandar som er typiske for området vil truleg ikkje verte negativt påverka av litt redusert gyting. Det er likevel viktig at inntaksarrangementet ikkje vert eit nytt vandringshinder for fisk.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Vassføringa i elva har også verdi for landskapsopplevinga for reisande på fv63, og ein av fossane på utbyggingsstrekninga er godt synleg frå vegen. I følgje søknaden er området lite brukt til friluftsliv og ferdsel.

Nye inngrep knytt til eit Kvernfossen kraftverk vil liggje nær eksisterande inngrep. Det er likevel viktig å leggje vekt på estetisk utforming og god landskapstilpassing av vegtilkomst, inntak og kraftstasjon.

Kraftverket er planlagt med moderat slukeevne (153%) samanlikna med mange nye kraftverk, og med minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring. Lølandselva er eit kystvassdrag, og den alminnelege lågvassføringa er omtrent like stor som 5-persentilane for både sommar og vinter. Den alminnelege lågvassføringa er dermed ein representativ lågvassverdi for heile året. Tal døgn med vassføring høgare enn maksimal slukeevne vert 67 døgn i eit middels vått år, og 39 døgn i eit tørt år. I tillegg vil vassføringa vere mindre enn den minimale slukeevna pluss minstevassføringa 90, 171 og 194 døgn i respektive vått, middels og tørt år. Vassdraget vil til ein viss grad oppretthalde ein naturleg dynamikk, men ei utbygging vil likevel føre til stabilt låg vassføring i store delar av året.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Kvernfossen kraftverk vil påverke ei elvestreking som er sett i «moderat tilstand» pga. påverknad av reguleringa av Nordstrandsvatnet, forsuring og mogleg ureining frå landbruk. Ei utbygging vil kunne påverke vassførekomsten negativt, og må vurderast etter § 12 i vassforskrifta.

Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Fylkesmannen er også generell ureiningsstyresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav til støy. Det må leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Den planlagde utbygginga vil berre i liten grad råke jord- og skogbruksareal, og vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til nemnande ulemper for landbruket i området. Ei kraftutbygging vil styrke næringsgrunnlaget på gardane som har fallrettar i vassdraget, og kan dermed også vere med på å sikre busetnaden i området. Lågare vassføring etter ei kraftutbygging kan redusere vassdraget sin funksjon som gjerde, og skape problem med at beitedyr kryssar elva når vasstanden er låg. Vi rår difor til at det vert vurdert avbøtande tiltak, t.d. i form av gjerde, dersom dette skulle syne seg påkravd.

### **Konklusjon**

Eit Kvernfossen kraftverk i Lølandselva ser ikkje ut til å råke viktige natur- eller friluftsverdiar. Planlagt utnytting av vassressursen er relativt moderat samanlikna med mange nye kraftutbyggingar, og vassdraget vil oppretthalde noko naturleg dynamikk etter ei utbygging. Fylkesmannen vil på bakgrunn av dette ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til Kvernfossen kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.*

Kopi: Hyllestad kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Miljødirektoratet